



Kulturhistoriske registreringar

Detaljregulering fv 609 Heilevang i Askvoll og Sunnfjord
kommune, gbnr. 86/9, 77/1, 78/2, 79/6, 80/11, 81/1 m.fl.
Sunnfjord kommune

Rapport 47 - 2020

Kommune:	Sunnfjord		
Gardsnamn:	Heilevang, Hestvika, Rørvika		
Gnr/Bnr:	76/9, 77/1, 78/2, 79/1, 79/4, 79/6, 79/7, 79/8, 79/9, 79/10, 79/13, 79/27, 79/27, 79/30, 79/33, 79/35, 80/11, 80/1, 80/2, 80/3, 80/7, 80/13, 81/1, 81/7		
Tiltakshavar:	Vestland fylkeskommune, Infrastruktur og veg		
Adresse:			
Namn på sak:	Detaljregulering fv 609 Heilevang i Askvoll og Sunnfjord kommune		
Saksnummer:	2020/59583		
Registrering utført:	19.-23.10.20, 26.-30.10.20	Ved:	Andrea Skrede, Ragnhild Egeland Torp
Rapport utført:		Ved:	Andrea Skrede
Rapport kontrollert av:			
Askeladden id			
Automatisk freda kulturminne i området:	Ein lokalitet med to hellerar, ein lokalitet med fleire strukturar	273112, 273113,	
Nyare tids kulturminne i området:	Steingardar, bakkemurar, grunnmur etter kvernhus og andre bygningar		

Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Vestland fylkeskommune er det Seksjon for kulturarv ved Avdeling for kultur, idrett og inkludering som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagt tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne.

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Seksjon for kulturarv

Kontaktinformasjon/ e-post:

Dato:

Innhald

1. Samandrag	5
2. Bakgrunn	6
3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep	6
4. Metode	7
5. Området	9
6. Tidlegare registreringar og funn i området	11
7. Undersøkinga	12
7.1 Automatisk freda kulturminne	22
7.1.1 Askeladden ID. 273113 – Lok.1, Heilevang – Busetnads- og aktivitetsområde	22
7.1.2 Askeladden ID. 273112 – Lok.2, Hestvika – Hellarlokalitet	32
7.2 Nyare tids kulturminne	41
8. Resultat og tolking	44
9. Konklusjon	45
Referansar	46
Vedlegg	47
A. C14-dateringar	47

1. Samandrag

I samband med detaljregulering for fv.609 Heilevang i Askvoll og Sunnfjord kommunar, har seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune gjennomført ei kulturhistorisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet. Registreringa vart utført av arkeologane Ragnhild Egeland Torp og Andrea Skrede. Etterarbeid og rapport er utført av Andrea Skrede.


Under registreringa vart det opna elleve sjakter med gravemaskin, der ei var funnførande. Det vart grave 41 prøvestikk, der seks av desse var positive. To av dei positive prøvestikka vart utvida for å få oversikt over funna i dei. Den arkeologiske registreringa gav funn av tre automatisk freda kulturminne: ein hellerlokalitet (ID.273112) der bruken av eine hellaren er datert til mesolitikum og bruken av den andre hellaren er datert til førromersk jernalder, og ein aktivitetslokalitet med dateringar frå romartid, vikingtid og mellomalder (ID. 273113).

Av nyare tids kulturminne vart det registrert bakkemurar, steingardar, grunnmurar frå løer og kvernhus innanfor planområdet.

Askeladden id.	Namn	Type	Datering	Vernestatus
273112	Hestvika	Lokalitet med to hellerar	8220+/-40 BP: (95,4%) 7354-7079 cal. BC (9303-9028 cal.BP) 2240+/-30 BP: (70,5%) 323-205 cal. BC (2272-2154 cal.BP). (24,9%) 390-345 cal. BC (2339-2294 cal.BP)	Automatisk freda
273113	Heilevang	Busetnads-/aktivitetsspor	1030+/-30 BP (91,8%) 962-1041 cal.AD (988-909 cal.BP)	Automatisk freda

Figur 1. Tabell over dei registrerte lokalitetane og funnstadane innanfor planområdet.

2. Bakgrunn



Figur 2: Tiltakshavar sitt kart over planområdet.

Bakgrunnen for den arkeologiske registreringa er forslag til detaljregulering for fylkesveg 609 i Askvoll og Sunnfjord kommunar. Det var frå før ikkje kjend automatisk freda kulturminne i planområdet, men på bakgrunn av tidlegare registrerte funn i nærområda og dei topografiske forholda, vart planområdet vurdert til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Saksnummer i saka er 2020/59583.

3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. kulturminnelova § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom kulturminnelova er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminnelova § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 020 – 8900 BP	9500 – 8000 BC
	Mellommolitikum (MM)	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidligneolitikum (TN)	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 3. Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei fleste automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg skjult under dagens markoverflate, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Det kan òg skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda. Ettersom kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9. Ved andre tiltak som inneber endra arealbruk og inngrep i marka, er det arkeologiske undersøkingar etter § 11 i kulturminnelova som skal sikre at både kjente, og hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje blir øydelagde som følgje av eventuelle brot på § 3 i kulturminnelova.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i kulturminnelova eller verte regulerte til vern med heimel i plan- og bygningslova. I SEFRAK-

registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 SEFRAK-registrert.

4. Metode

Sidan forhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflata, vil registreringsmetoden vanlegvis innebære graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Prøvestikking er den mest nytta metoden for å påvise kulturminne frå steinbrukande tid, men kan også nyttast til å påvise yngre kulturminne. Ved bruk av denne metoden sonderar ein fyrst med eit jordborr etter lausmassar. Ved påvising av lausmassar grev ein så prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm. Den oppgrave massen under torva vert vassålda i såld med 4 millimeter maskevidde. Slik vil funn av reiskap og avslag etter reiskapsproduksjon vere lett å finne.

Maskinell flateavdekking er ein arkeologisk registreringsmetode ofte nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i dyrka mark. Metoden går ut på at ein fjernar jordlag med gravemaskin ned til undergrunnen eller til uforstyrra lag med funn av forhistoriske spor. Når den overdekkande jordmassen blir fjerna av gravemaskina, følg arkeologane maskina og reinsar fram den avdekka flata for å påvise spor etter forhistorisk aktivitet. Slike spor er til dømes stolpehol og veggriller etter hus, kulturlag, ulike typar nedgravingar som kokegroper, eldstadar og graver, samt fossile dyrkingslag og ardspar etter forhistorisk jordbruk. Ved registreringa vert det opna opp søkesjakter i kring tre meters breidde og i varierende lengde.

Ved overflateregistrering blir området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustufter, steingardar, geilar, vegar og vegfar, runesteinar, helleristningar, bergmalingar, jakt- og fangstanlegg, kolgroper, jernvinneanlegg, hellarar, osv.

På bakgrunn av kunnskap om tidlegare kjende kulturminne i området, terrenget og nærleik til sjøen kunne ein vente å finne spor frå steinalder og fram til nyare tid i planområdet. Ved registreringa vart det overflateregistrert, prøvestukke og gjennomført maskinell flateavdekking.

5. Området

Planområdet ligg langs fv. 609, på grensa mellom Sunnfjord og Askvoll kommunar (gbnr. 76/9, 77/1, 78/2, 79/1, 79/4, 79/6, 79/7, 79/8, 79/9, 79/10, 79/13, 79/27, 79/27, 79/30, 79/33, 79/35, 80/11, 80/1, 80/2, 80/3, 80/7, 80/13, 81/1, 81/7). Førdefjorden strekk seg forbi i nord, medan Heilefjellet (1200 moh.) og Blægja (1300 moh.) ligg i sør. I luftline er planområdet om lag 7,8 km langt, i tillegg til eit deponiområde som skal liggje sør for fylkesvegen ved Rørvika



Figur 4-5: Til venstre kart som syner kvar i Vestland fylkeskommune ein finn planområdet, som er merka i raudt. Til høgre nærare oversikt over planområdet.


Store delar av planområdet er utmark, utanom noko dyrka mark på Heilevang og i Hestvika. Utmarka er i stor grad prega av rasmassar, med mange kampesteinar. Der det ikkje er rasmassar, er det stort sett myrområder. Det er ein lauv- og furuskog i austleg ende og langs botnen av Heilefjellet.

Området ligg praktisk til ved Førdefjorden, med mange moglegheiter til å gå i land frå sjøvegen. Ein kjem seg raskt opp til skog og til fjells, der det er moglegheiter til å drive med jakt. Elva på Heilevang har tidlegare vore laksedreven, noko som gjer Heilevang endå meir interessant. Aust på Heilevang er det også registrert ein viktig naturtypelokalitet med stor verdi, dette er i eit knausområde på gbnr. 79/1 og 79/7, sør og sørvest for Klypehaugen. Langs elva i Hestvika er det også registrert ein viktig naturtypelokalitet, på gbnr. 80/1-2. Desse to naturtypelokalitetane let arkeologane vere å utføre graving med gravemaskin i, men dei overflateregistrerte og opna fem prøvestikk der.



Figur 6-11: Oversiktsfoto frå ulike delar av planområdet. Øvst til venstre syner den dyrka marka på Heilevang, sett mot NA. Oppe til høgre syner same området, men sett frå den viktige naturtypelokaliteten, mot SV. I midten til venstre syner området sør for vegen på Heilevang, med dei SEFRAK-registrerte bygningane. Arkeolog Ragnhild sit der ho opna første prøvestikket på dette platået, sett mot A. I midten til høgre syner den dyrka marka i Hestvika, der området til høgre i fotoet er planert ut, sett mot SA. Nede til venstre syner deponiområdet i Rørvika, med myr og lauvskog, sett mot SA. Nede til høgre syner austlegast del av planområdet, der det er bergknausar med furuskog og mykje myr, sett mot NA. AS

6. Tidlegare registreringar og funn i området



Figur 12: Kart med oversikt over kulturminna i nærleiken av planområdet. Planområdet er merka i lyseblått.

Det var frå før ikkje kjend automatisk freda kulturminner innanfor planområdet, men det er registrert nokre i nærleiken. Om lag 700 m nordvest for planområdet, ligg ein gravhaug frå jarnalder (ID. 16059), som er registrert av Per Fett. Det vart utført tilstandsvurdering av dette gravminnet under den arkeologiske registreringa.

Endå lenger vest att, har det tidlegare vore registrert dyrkingsrestar og ardspor på Storåkremyren (ID. 24123) og Florsåkeren (ID. 243107). Desse ligg i Kvammen, over tre km nordvest for planområdet. Nord for fjorden ligg også ein gravhaug frå jarnalder (ID. 45721), på Nedre Helle.


I planområdet er det fleire SEFRAK-registrerte bygningar, spesielt på Heilevang. Tuna på Heilevang er del av eit eldre klyngetun, med registreringar tilbake til første halvdel av 1800-talet.

7. Undersøkinga

Registreringa vart gjennomført 19.-29.10.2020, av arkeologane Ragnhild Egeland Torp og Andrea Skrede. Under registreringa vart det opna 11 sjakter med gravemaskin, der ei av desse var funnførande. Det vart grave 41 prøvestikk, der seks av desse var funnførande (AS4, AS5, AS6, RET1, RET2, RET3). Alle dei positive prøvestikka er innanfor same lokalitet (lok.2).

Maskinell flateavdekking

Det vart opna ni sjakter (SJ1-9) på dyrka mark på Heilevang, nord for fylkesvegen. SJ1-4 vart plassert sør for elva på gbnr. 79/6, medan SJ5-9 ligg sør og sørvest for elva på gbnr. 79/4. Dette er ei flate på 4-19 moh., som ligg ved elva som tidlegare har vore laksedrivande. Der er det praktisk å komme frå fjorden og legge til land med båt, noko det må ha vore langt tilbake i tid.



Figur 13: Oversikt over sjaktene som vart opna på Heilevang.

Av dei ni sjaktene opna på Heilevang, var åtte utan funn og ei med funn (SJ6). I SJ6 vart det funne ni strukturar, i tillegg til fleire naglfragment i ein samla dunge. Det vart sendt inn tre trekolprøver (KP1, KP2, KP3) til datering, sjå figur 27.

SJ1-9 hadde alle raudoransje undergrunn med mykje stein i. Massane var svært like, og dei alle hadde moderne forstyrringar i form av moderne dreneringsgrøfter. Dei var mellom 40 og 110 cm djupe, og

hadde mykje stein i seg. SJ2 gav også funn av jarnavslag frå nyare tid, som døravslag og nokre handtak. SJ1-5 og SJ7-9 var alle funnlause og vart slik avskrivne.



Figur 14: Foto av SJ1, som er representativ for alle sjaktene på Heilevang (SJ1-9). Vi ser den raudoransje sandundergrunnen, og inneheld ein god del vassrulla stein. Sett mot NV. Garden som tidlegare var det eldre klyngetunet synast til høgre, og Førdefjorden ligg i bakgrunnen. AS

På gbnr. 80/1-2 i Hestvika vart det opna to sjakter til (SJ10-11). Dette er på eit område med dyrka mark som vart planert ut for nokre år sidan, så store delar av den dyrka marka er forstyrra i svært stor grad (sjå flyfoto frå 2018, figur 15). Difor vart det berre plassert to sjakter i ytterkant av området, i nordlegaste del.

SJ10 ligg på 45 moh. i eit svært vått område. Sjakta vart opna og grave nokre meter, og det vart tydeleg at dette området er eit myrområde. SJ11 ligg på 40 moh. og hadde mykje tørrare massar enn SJ10, og kom rett ned på raudoransje steril grunn. SJ11 fekk L-form på grunn av terrenget, og at arkeologane ville sjekke flata sjakta var plassert på skikkeleg. Begge sjaktene i på gbnr. 80/1-2 var funnlause.




Figur 15-16: Til venstre er flyfoto frå 2018 som syner kor stor del av denne delen av planområdet som vart forstyrta for nokre år sidan. Dei gule merka syner omtrent kvar dei to sjaktene vart plasserte i denne registreringa. Til høgre er kart over kvar SJ10 og SJ11 faktisk vart plasserte. Den blå lina syner kvar tiltakshavar ønskjer å plassere den nye fylkesvegen.



Figur 17-19: Ovanfor er foto av SJ11, til venstre sett mot NA, til høgr sett mot NV (fotografen står i hjørnet i L-formasjonen. Nede til venstre syner SJ10 og myrmassane i den, sett mot N. AS

Overflateregistrering med prøvestikking

Det vart overflateregistrert i planområdet. Mellom anna er det fleire interessante namn innanfor planområdet, slik som «Fengestølen», «Klypehaugen» og «Bygdehaugen», som var verdt å undersøke nærare. Ingen av desse stadane hadde førhistoriske kulturminne.



Figur 20: Oversikt over prøvestikka opna på Heilevang.

Den lakseførande elva på Heilevang, i tillegg til høgda over havet, gjer at området har potensiale for funn frå steinalder. Difor vart det slutta å grave prøvestikk der, på gbnr. 79/6 og 79/1. Det vart prøvestukke frå 14 til 42 moh. Det vart opna elleve prøvestikk på gbnr. 79/1, der seks av desse var innanfor den viktige naturtypelokaliteten. Resten vart opna nede i søkket på 19-24 moh. Nede i søkket var det svært vått. Oppe på platået ovanfor, i prøvestikket RET17, såg det først ut som om det var ein mogleg struktur. Difor vart det slutta å avgrense dette prøvestikket med fleire prøvestikk (RET18, RET19, AS23) i nord og søraust, før det vart konkludert med at den moglege strukturen berre var myrrestar. Det vart slik avskrive.



Figur 21: Døme på korleis prøvestikka på gbnr. 79/1 såg ut. Dette er altså teke innanfor den viktige naturtypelokaliteten. Massane her er omrota, med gråbrun matjord, eit grått sandlag, lysebrun silt, og undergrunn som er grå morenemassar.

På gbnr. 79/6 vart det opna elleve prøvestikk, der også alle desse vart negative. Elleve av prøvestikka er ved elva nord for vegen (AS711, RET4-9), medan fem (AS15-16, RET12-14) av dei er på platået sør for vegen. I fleire av prøvestikka nord for vegen vart det funne brent bein, men sidan det ikkje var knytt til noko lag vart også desse avskrivne. Truleg har det vore gravd ned eit daudt dyr som har kome utover heile bøen, som resultat av dyrking.



Figur 22: Døme på korleis prøvestikka på gbnr. 79/6 såg ut, her synt med AS8. Her syner gråbrun matjord, før brungrå silthaldig masse, og jordfast stein/berg i botnen.

Sør for vegen vart dei fem prøvestikka plasserte på eit platå med dyrka mark, 31-36 moh., også gbnr. 79/6. Her var det potensiale for funn frå steinalder og førhistoriske dyrkingsspor, men prøvestikka var utan funn. På dette platået er det fleire SEFRAK-registrerte grunnmurar (SEFRAK: 14320013012, 14320013013), med ein stor og flott steingard rundt. Bygningane er to geitefjøsar, og ikkje registrerte med byggeår. På dette platået vart det opna fem prøvestikk (AS15-16, RET12-14), men også desse var funnlause.



Figur 23: Prøvestikka sør for vegen på gbnr. 79/6 er her representert med RET12. Her syner tynt matjordlag på 10 cm, før lysebrun silt, før berg i botnen. RT

På gbnr. 79/4 vart det opna to (AS20-RET16) prøvestikk på eit mindre platå rett sør for vegen, på 14 moh. Her har det vorte dyrka i nyare tid. Her vart det opna med potensiale for steinalder eller førhistoriske dyrkingsslag, men også desse prøvestikka vart negative.




Figur 24: Sør for vegen på gbnr. 79/4, her representert med RET16. Tynn matjord før lysebrun silt og berg i botnen. RET



Figur 25: Deponiområdet i Rørvika. Her syner dyrka mark nærast, og rasmassane bak, før Heilefjellet. Teke mot SA. RET

Det vart også overflateregistrert i vestleg del av planområdet. Heilt vest har tiltakshavar planlagt eit mogleg deponiområde i Rørvika, på gbnr. 81/1, i botnen mellom Høgehammaren, Huldrehamrane og Rundeseten. Dette er stort sett utmark med rasmassar og store kampesteinar, utanom eit mindre areal med dyrka mark i midten. Her vart mange av kampesteinane undersøkte nærare, då dei som har overheng eller gjev godt le kan ha vore nytta i førhistorisk tid. I dette deponiområdet vart det funne

nokre nyare tids kulturminne, men ingen førhistoriske kulturminne. Det vart også undersøkt eit mogleg deponiområde på gbnr. 80/1-2, vest i Hestvika. Også dette var utan funn.



Figur 26: Oversikt over prøvestikka som vart opna i Hestvika. Dette er vest i Hestvika, rett nord for Sagevatnet. Prøvestikka er teke i to hellerar i lok.2.

Heilt vest i hovudplanområdet, nord for Sagevatnet, vart det også undersøkt rundt fleire kampesteinar. To av desse vart med funn (lok.2, ID. 273113), sjå kap. 7.1.2. AS3-7 og RET1 høyrer til den første og nordlegaste hellaren (H1), medan AS17 og RET2-3 høyrer til den andre og sørlegaste hellaren (H2). Begge hellerane høyrer til same lokalitet, lok. 2.

KP-nr.	Beta-namn	Beta-nr.	Sjakt/PS	Askeladden id.	Kontekst	Datering BP	Datering, kal. AD
1	2002_59583KP1	575802	SJ6	273113	I S3, botn av struktur	1030+/-30	91,8%: 962-1041 2,8%: 901-920 0,8%: 1108-1116
2	2020_59583KP2	575800	SJ6	273113	I S2, botn av snitta struktur	1700+/-30	71,9%: 313-406 23,5%: 254-304

3	2020_59583KP3	575799	SJ6	273113	I S8, botn av snitta struktur	530 +/-30	76%: 1390-1440 19,4%: 1320-1350
4	2020_59583KP4	575801	RET2	273112	Lok.2, H2	2240+/-30	70,5%: 323-205 24,9%: 390-345
5	2020_59583H1	575898	RET1	273112	Lok.2, H1. Brent nøtteskal vart sendt til datering	8220+/-40	95,4%: 7354-7079

Figur 27. Tabell over prøver som vart sendt inn til C14-datering.

Sjakt	Funn	Askeladden id.	Retning	Lengde (m)	Breidde (m)	Djupne (cm)	Undergrunn
1	-	-	NV-SA	41,00	3,00	40	Raudoransje sandlag med mykje småstein
2	-	-	NA-SV	34,20	2,80	50	Raudoransje sandlag med mykje småstein
3	-	-	NNV-S	17,00	3,20	65	Raudoransje sandlag med mykje småstein
4	-	-	V-SA	36,20	3,40	60	Raudoransje sandlag med mykje småstein. Ein del større steinar også.
5	-	-	SV-NA	54,60	3,00	80	Raudoransje sandlag med mykje småstein
6	S1-10, naglar	273113	V-A	23,86	3,70-6,00	70	Raudoransje sandlag med mykje småstein. I austleg ende myrmassar
7	-	-	V-SA	29,20	3,00	50	Raudoransje sandlag med mykje småstein
8	-	-	SSA-SSV	10,00	3,00	50	Raudoransje sandlag med mykje småstein
9	-	-	NA-SV	15,00	3,50	60	Raudoransje sandlag med mykje småstein
10	-	-	N-S-V	N-S: 14,80 S-V: 14,20	3,00	70	Raudoransje sandlag med mykje småstein
11	-	-	N-S	4,30	3,00	85	Heile er myr

Figur 28. Tabell over sjakter som vart opna under registreringa.

7.1 Automatisk freda kulturminne

Under den arkeologiske registreringa vart det påvist to lokalitetar med automatisk freda kulturminne. Lok. 1. (ID. 273113) har ti strukturar som er daterte til romartid, vikingtid og mellomalder, og lok. 2 (ID. 273112) er ein hellarlokalitet med to ulike hellerar, daterte til mellommesolitikum og førromersk jernalder. Strukturane og deira dateringar gjer at lokaliteten er automatisk freda.


7.1.1 Askeladden ID. 273113 – Heilevang – Busetnads- og aktivitetsområde

Lok. 1 er registrert på gbnr. 79/4, i SJ6. Der er det registrert ti ulike strukturar (1-10), i tillegg til naglar oppsamla innanfor eit lite område. Sjakta ligg relativt A-V på eit nes ut i fjorden, på 4-6 moh. Den lakseførande elva ligg rett vest for lokaliteten. Nord for lokaliteten er det ein bergknaus før Førdefjorden strekk seg frå aust til vest, medan det vest for lok.1 ligg tre naust i dag (SEFRAK-reg. 14320013006, 143200013005, 14320013004. I sør går ein driftsveg frå gardsbruka på Heilevang, til nausta. Havnivået har vore høgare i førhistorisk tid, så truleg har dette neset vore endå meir markant ut i sjøen, med fjorden liggande i nord, aust og vest.

Lengst aust i SJ6 er det ein skråning ned mot aust, og her kom det opp tjukk myr (går vertafall 70 cm ned). I resten av sjakta er det raudoransje sand- og steinmassar, der steinen er vassrulla som undergrunn. Matjorda er berre maksimum 20 cm djup, så truleg har nyare tids dyrking – og eventuelt anna aktivitet – forstyrra strukturane. Strukturane er siltige og stort sett kompakte. Alle ti strukturane er noko krevjande å tolke, då dei er svært skrinne, og berre nokre centimeter tjukke i profilen etter snitting. Truleg ser ein berre botnen på strukturane i dag – som kan vere stolpehol, eldstader eller kokegroper. Dateringane av strukturane er også sprikande, med dateringar frå romartid, vikingtid og seinmellomalder. Dei sprikande dateringane gjer at det er usikkert om neset har vore nytta i fleire ulike periodar, eller om det har vore nytta samanhengande frå romartid til seinmellomalder.



Figur 29: Sjakt 6 i raudt, der svart line markerar lokalitetsavgrensinga.




Figur 30: Oversikt over strukturane i SJ6.



Figur 31-33: Foto av SJ6. Oppe til venstre er vestlegast ende, sett mot SA. Oppe til høgre er vestlegast ende, sett mot V. Nede til venstre er sett mot V og myromådet på det lågaste nivået. AS

Lok.1 – S1




Figur 34-36: S1 slik den opptre i GIS oppe til venstre, oppe til høgre slik den ligg i plan, teke mot SA. Nede til venstre S1 etter snitting. AS

S1 er første strukturen som dukka opp i sjakta, og gjorde at arkeologane utvida sjakta mot sør, slik at også S2, S3 og S10 vart funne. S1 har noko lausasse massar enn S2-10, som er meir kompakte. Strukturen er ein trekolfleikk med steinar i SA.

S1 er 32x30 i plan og er oval i forma. Den er 4 cm djup i profilen, og er djupast i NA. Massane er noko feite, med trekolkumpar på opp til 2 cm store.

Lok.1 – S2





Figur 37-39: Oppe til venstre syner S2 slik den opptrer i GIS, oppe til høgre er S2 merka med raud line, og dei moderne pløyespora som har forstyrra strukturen er merka med grøne liner. Nede til venstre ser vi strukturen i profil. RET

I utvidinga av SJ6 dukka S2 opp lengst sør. Strukturen har ein oval fasong, og i nord er den forstyrta av moderne pløyespor. Difor er avgrensinga av strukturen noko krevjande. S2 vart snitta, og det viser seg at den berre er 5 cm djup. I plan er den 74x55 cm. I profilen har den ei fin, bua form.

Det vart teke ut trekolprøve nedst i profilen til S2, denne vart sendt inn til C14-datering. Dateringa resulterte i romertid (1700 +/-30 BP. 71,9% 313-406 cal.AD/1637-1544 cal.BP. 23,5% 254-304 cal. AD/1696-1646 cal.BP).

Lok.1 – S3




Figur 40-42: Oppe til venstre er slik S3 og S4 opptrer i GIS. Oppe til høyre er S3 sett i plan, mot V. Nede til venstre er S3 sin profil etter snitting, sett mot A. RET.


S3 er strukturen som ligg lengst vest i sjakta. Når den dukka opp kunne det sjå ut som om det var ein veldig stor struktur, men etter litt reinsing vart det klart at S3 og S4 var to separate strukturar. Til liks med S2 har denne ei bua form i profilen, og er om lag 7 cm djup. Massane var dels feite og svært kompakte, og mørkebrun til svart i fargen.

KP1 vart teke ut nedst i profilen av S3, og resulterte i datering til slutten av vikingtid (1030 +/-30 BP. 91,8: 962-1041 cal.AD/988-909 cal.BP).

Lok.1 – S4




Figur 43-44: Ovanfor til venstre syner korleis S4 opptrer i GIS, S3 er her i venstre fotokant. Til høgre syner S4 og korleis den ligg i forhold til S3. RET



S4 ligg rett ved sidan av S3. Den er rund i forma, og 36 cm i diameter. Den har same type massar som S4, men er mindre i storleik. Det vart valt å ikkje snitte S4.

Lok.1 – S5




Figur 45-46: Til venstre er S5 slik den opptrer i GIS, og til høyre er foto av den, sett mot N. AS



S5 er den nordlegaste strukturen, er relativt rund, og ligg mellom fleire steinar. Den hadde noko trekol, og var noko lausare enn S4. I diameter er S5 37x35 cm stor, og den vart ikkje snitta.

Lok.1 – S6




Figur 47-48: Til venstre er slik S6 opptrer i GIS, til høyre er slik S6 ligg i sjakta. Teke mot A. AS



S6 ligg sentralt i SJ6. Diverre har ikkje arkeologane teke bilete av strukturen, men den er merka inn i figur 48. S6 er rund og 40x60 i plan. Den har ein del trekol i seg, og er noko feit og kompakt i massane. S6 vart ikkje snitta i registreringa.

Lok.1 – S7



Figur 49-50: Til venstre S7 slik den opptrer i GIS. Til høyre S7 i plan. AS

S7 ligg nær sørleg profilvegg i SJ6. Strukturen er svært kompakt mot den sandlege undergrunnen, og inneheld ikkje like mykje trekol som dei andre strukturane. Den ligg att med nokre steinar, som også stikk inn i strukturen. Medreikna steinen er strukturen oval, og 27 cm i diameter. S7 vart ikkje snitta.


Lok.1 – S8



Figur 51-53: Oppe til venstre slik S8 opptrer i GIS. Oppe til høyre er S8 og S9 i plan. Den grønne sirkelen er der det vart funne naglar med metallsøkar. Til venstre er S8 i profil, sett mot SA. I bakgrunnen kan ein sjå kor vått det er i den austlegaste delen av SJ6. AS

Når S8 først dukka opp i SJ6, såg det ut som det var ein svært stor struktur. Med litt oppreinsing vart det klart at dette er to separate strukturar, S8 og S9. S8 er 63x50 cm i plan, og når den vart snitta, kom det fram at den er om lag 7 cm djup. Den er svært kompakt, og har mykje trekol i seg. Det vart teke ut trekolprøve frå denne strukturen (KP3) som gav datering attende til seinmellomalder (530⁺/-30 BP. 76%: 13890-1440 cal.AD/560-510 cal.BP. 19,4%: 1320-1350 cal.AD/630-600 cal.BP).

Lok.1 – S9




Figur 54-55: Ovanfor er S9 slik den opptre i GIS. Til høyre er S9 i plan, sett mot NV. AS



S9 ligg rett ved S8, og lengst aust i sjakta. Strukturen inneheld ein del trekol og er svært kompakt i massane. S9 er oval og 28x41 cm stor, og vart ikkje snitta i registreringa.

Mellom S8 og S9 vart det funne eldre naglar og fragment av naglar med minimetallsøkar. Desse har vorte tolka for å vere båtnaglar.

Lok.1 – S10



Figur 56-57: Ovanfor er S10 slik den opptre i GIS, til høyre er S10 i plan, sett mot S. AS



Akkurat i hjørnet ved utvidinga vart S10 registrert. Hjørnet vart greve ut med spade, for å få strukturen fram i dagen. Strukturen er rund og 36x33 cm stor i plan. Den er svært kompakt og har noko trekol i seg. S10 vart ikkje snitta.


S-nr.	TYPE	SJAKT	FORM I FLATE	MÅL (cm)	DJUPNE I SNITT (cm)	FORM I SNITT	SKILDNING OG MERKNAD
1	Usikker struktur	6	Oval	32x30	4	Avlang/flat	Lausare massar enn S2-10
2	Usikker struktur	6	Rund-oval	74x55 cm	5	Noko bua	KP2
3	Usikker struktur	6	Rund	65-55	7	Avlang/flat	KP1
4	Usikker struktur	6	Rund	36x36			
5	Usikker struktur	6	Rund	37x35			
6	Usikker struktur	6	Rund	40x36			
7	Usikker struktur	6	Rund	27x27			
8	Usikker struktur	6	Rund	63x50	7	Avlang/flat	KP3
9	Usikker struktur	6	Oval	28x41			
10	Usikker struktur	6	Rund	36x33			
11	Funn av naglar	6					6 ulike fragment. 1: 4,6 cm lang m stang på 3 cm. «Flata» er 2-2,5 cm stor. 1 cm tjukk stang. 2: «Stang» med èi «flate». 4 cm lang m stang på 3,5 cm, 0,8 cm tjukk stang. 2x2,5 cm stor «flate». 3: «Flate» på 2x2,2 cm, 0,8 cm tjukk. 4: «Stang» på 2,5cm lang og >1 cm tjukk. 5: Stang med èi flate. 2,5 cm lang (stang og flate), stanga er 1 cm brei og flata er 1,7x2 cm stor. 6: «Stang» med to «flater». 3,7 cm lang,

							stanga er 0,5 cm tjukk. Den flataste flata er 1,5x2 cm stor og 0,5 cm tjukk. Den tjukkaste flata er 1,5x1,5 stor og 1,3 cm tjukk
--	--	--	--	--	--	--	--

Figur 58: Strukturliste lokalitet 1, Askeladden id. 273113.


7.1.2 Askeladden ID. 273112 – Hestvika - Hellarlokalitet

I overflaterregistreringa vart det funne to funnførande hellerar (H1, H2), som er registrerte innanfor same lokalitet (lok.2) på gbnr.81/2. Dei vart funne heilt vest i planområdet, og vest i Hestvika. Her er det utmark og fleire kampesteinar med moglegheit for å søkje ly under. Lok.2 ligg rett nord for fylkesvegen, på om lag 22 moh. I dag er det rett over 70 m i luftline til Førdefjorden, i førhistorisk tid var denne avstanden kortare.



Figur 59: Flyfoto som syner kampesteinane med dei to hellerane merka med sirkel, og prøvestikka fordelt i hellerane.


Lok.2 – H1



Figur 60-62: Foto av H1. Oppe til venstre sett opningen i vest, teke mot A. Til høgre er innsida av hellaren, teke mot A. Nede til venstre er hellaren sin austlege ende, teke mot V. Her ser ein også plasseringa av RET1 og AS4. Fremst er også den oppmura muren frå nyare tid. RET, AS

H1 er den nordlegaste av hellerane, og ligg under to store kampesteinar som ligg mot kvarandre. Det er opning både mot aust og mot vest, og inni er det heilt tørt og ein er godt i le. Det vart opna fem prøvestikk som er knytt til H1 (AS3-7 og RET1), så figur 59. NB: Grunna dårleg nøyaktigheit i hellaren, kan prøvestikka vere noko unøyaktig plassert.

I den austlege opningen i hellaren er det ein låg, oppmura mur, om syner at H1 har vore nytta også i nyare tid.




Figur 63: Teikning av H1, og plassering av prøvestikka knytt til den. Stipla line er omtrent der dråpefallet går. RET, AS

AS3 vart opna rett utanfor H1, på vestsida. Dette var negativt. Massane var svært tørre, men arkeologen møtte berg berre nokre centimeter ned i massane.



Figur 64: Profilvegg i RET1, mot N. RET



Figur 65: Profildeikning av RET1 i H1.

RET1 er det nordlegaste prøvestikket i H1, og vart opna rett ved den nordlege kampesteinen. Der vart det funne eit trekollag på 20-40 cm nede. Prøvestikket vart difor utvida mot aust for å sjå kva struktur kollaget var, men laget fortsette i alle profilane i utvidinga også. Det vart funne ein bipolar kjerne i bergkrystall (B18589/2) og eit avslag i flint (B18589/4), brent bein og nøtteskal i trekollaget. Nøtteskalet er interessant å sende til datering, då det gjev svært nøyaktige dateringar – ofte på året, samanlikna med trekolprøver som kan vere restar av tre som allereie hadde stått i 500 år før det vart brent. Difor vart det nøtteskalet som vart sendt inn til C14-datering, og vart datert til mellommesolitikum (8220 +/-40 BP. 95,5%:7354-7079 cal.BC/9303-9028 cal.BP).



Figur 66: Nøtteskala funne i RET1 som vart sendt til C14-datering, som resulterte i mellommesolitikum.



*Figur 67:
Flintavslag
og den
bipolare
kjernen funne
i trekollaget i
RET2. AS*

Prøvestykket AS4 vart opna lengst sør i hellaren, sør-sørvest for RET1. Her vart trekollaget funne i nordaustleg del av prøvestykket, så dette kan tolkast for å vere ein ytterkant av trekollaget. Trekollaget ligg heilt i botnen, rett på berget, og det er generelt litt trekol i massane. Ingen gjenstandsfunn i dette prøvestykket.

Prøvestykket var 40x40 i plan og berre 20 cm djupt. Det hadde torvlag på 10 cm, som var ei lysebrun, svært tørr sandhaldig masse. Dei nedste 10 cm var eit brunare sandlag med skjørbrent stein og meir trekol i.




*Figur 68: Profilvegg i AS4,
sett mot N. AS.*

Prøvestykket AS5 vart opna rett utanfor hellaropningen i aust. Trekollaget vart raskt oppdaga, og prøvestykket vart utvida mot sør for å prøve å avgrense trekollaget att. Trekollaget fortsette i utvidinga, og der vart det også gjort funn av to flintavslag i trekollaget. AS5 er 40x75 cm i plan og om lag 45 cm djupt.



Figur 69: Til venstre er flintavslaga funne i AS5. AS



AS5


- 1) Torvlag. Lysebrun, svært tørt sandlag
- 2) Mørkebrungrått lag med noko aske i
- 3) Svart trekollag med skjørbrent stein i
- 4) Raudoransje silt- og sandhaldig undergrunn

Flintavslag i lag 3.

Figur 70: AS5 med forklaring, vestleg profilvegg. AS

Med mål om å avgrense lokaliteten og trekollaget, vart AS6 opna om lag 1,5 m søraust for AS5. AS6 er 30x35 cm i plan og 30 cm djupt. Trekollaget ligg her frå 20 cm, og før dette er det eit gråleg overgangslag som inneheld aske. I bøttelaget med askelaget og trekollaget vart det funne ein handtakskjerne i flint.

Figur 70: Profilen i AS6 med lagforklaring. AS



AS6

- 1) Torvlag, lysebrun sandhaldig masse
- 2) Gråleg sandlag med aske i
- 3) Svart trekollag
- 4) Raudoransje silthaldig undegrunn

Funn av handtakskjerne i flint i overgangen frå lag 2 og 3.



Figur 71-73: Handtakskjernen som vart funne i AS6.

Sidan trekollaget og steinaldergjenstandar dukka opp i AS6 også, er avgrensinga av H1 mot aust noko krevjande. Rett nord og nordaust for AS5 og AS6 er det rasmassar med ei fallhøgde på om lag 2 m ned. Difor har H1 vorte avgrensa etter landskapet. Mot søraust er det mogleg å mellom jordfaste steinar for å komme bort til H2, der terrenget er flatare og lettare å gå i.

Lok.2 – H2



Figur 74-75: Foto av H2. Til venstre sett mot S, der ein ser fylkesvegen går i bakgrunnen, arkeologen Ragnhild grev her RET3. Til høgre sett mot N, der ein Førdefjorden strekk seg i høgre fotokant. AS

H1 er den sørlegaste av hellarane i lok.2. Den strekk seg 8,5 m frå nord til sør, om lag 15 m sør for H2, og 5 m nord for fylkesvegen. Hellaren ligg under austsida av ein stor kampestein, med eit dråpefall 2,5 m ut frå inste del av hellaren.


H2 er tørr i overflata i nordre halvdel, og noko våtare i sørleg halvdel. Det er gras og torv i den, og nokre steinar som del av rasmassane, desse ligg hovudsakleg nordlegast i hellaren. Høgste dråpefallet er om lag 4 m høgt.

Det vart opna to prøvestikk i hellaren (RET2-3) og eit 2-3 m aust for dråpefallet (AS17) i eit forsøk på å avgrense trekollaget som dukka opp i RET2 og truleg i RET3. Trekollaget vart også observert i AS17, men i tynnare form.

Også her hadde GPS og CPOS noko dårleg nøyaktigheit, og prøvestikka kan ha noko unøyaktig plassering.


Prøvestykket RET2 er det første prøvestykket som vart opna i H2. Det er plassert sentralt i hellaren, der dråpefallet går lengst ut, og overflata er tørr. RET2 var 40x25 i plan, og 40 cm djupt. Her var det svært mykje røter i torva, før ein møter trekollaget, og til slutt oransjeraud, kompakt stilhaldig grunn nedst. Det vart gjort funn av eit distalt flekkefragment i flint, brent bein og nøtteskal i bøttelag 1, som romma heile prøvestykket. Det vart teke ut trekolprøve frå kollaget i RET2 (KP4, som resulterte i datering attende til førromersk jernalder (2240 +/-30 BP. 70,5%: 323-205 cal.BC/2272-2154 cal.BP. 24,9%: 2339-2294 cal.BP).

Figur 76: Teikning av H2, med innmerka kvar dei ulike prøvestikka har vorte plasserte. AS, RET





Figur 77-78: Foto av den nordlege profilen, og teikning av den til under. RET, AS






Figur 79-80: Flekkefragmentet funne i RET2, framside og bakside. AS

Lenger sør i H1 vart RET3 opna. Her er det våtare i overflata, noko det også var lenger ned i massane. RET3 er 30x30 cm stort, 40 cm djupt, og veldig vått. Prøvesticket fylte seg raskt opp med vatn, noko som gjorde det krevjande for arkeologen å grave og tolke. Det vart observert eit mørkare lag nedst i prøvesticket, men sidan det fylte seg raskt opp med vatn, var dette krevjande å dokumentere skikkeleg. Det som kom fram, er at trekollaget ikkje er i særleg profil, det seie at dette kan vere ei særleg avgrensing på trekollaget. Ingen gjenstandsfunn i RET3.



Figur 81-82: RET3. Syner at det fylte seg raskt opp med vatn. Til venstre sett mot A, til høgre sett mot V, som syner at trekollaget ikkje dekkjer sørleg profil.

AS17 vart opna lenger aust, for å prøve å avgrense trekollaget i den retninga. Trekollaget vart oppdaga i profilen i AS17 også, men tynnare og slik i mindre grad enn i både RET2 og RET3. Dette gjev grunn til å tru at AS17 er plassert i ytterkanten av trekollaget, og kan slik vere ei mogleg avgrensing. Grunna lita tid, kunne ikkje arkeologane avgrense lokaliteten noko meir enn til og med dette prøvestikket.



AS17

- 1) Torvlag
- 2) Lysebrun, kompakt masse med noko torv
- 3) Mørkt, feit, våt masse masse med noko trekol
- 4) Grå, vått sandhaldig lag

Figur 82-83: Vestleg profil i AS17, med forklaring. AS

AS17 var 40x40 cm stort, og 45 cm djupt. Det mørke laget med trekol i, ligg 20-26 cm nede, hovudsakleg i søre og vestlege profilen. Vått i undergrunnen også her, til liks med i RET3.


Kontekst	Funnr.	Gjenstand	Del	Materiale	Antal	Gjstand_beskriving	Museumsnr.
H1, AS5	1	Avslag		Flint	2	1,2 cm	B18589/4
H1, AS5	2	Biter		Nøtteskal	2	0,7 cm	B18589/5
H1, AS6	3	Handtakskjerne		Flint	1	2,4 cm	B18589/1
H1, RET1	4	Biter		Bein	1	1,7 cm	B18589/6
H1, RET1	5	Biter		Bein	7		B18589/6
H1, RET1	6	Avslag		Flint	1	1,2 cm	B18589/44


H1, RET1	7	Bipolar kjerne		Bergkrystall	1	1,8 cm	B18589/2
H2, RET2	8	Flekkefragment	Distal	Flint	1	1,8 cm. Vassrulla	B18589/3
H2, RET2	9	Biter		Bein	15	2 cm	B18589/6
H2, RET2	10	Biter		Nøtteskal	2	1 cm	B18589/5
H2, RET2	11	Biter		Bein	3		B18589/6

Figur 84: Funntabell, Askeladden id. 232052 (katalogisert av Universitetsmuseet i Bergen).


7.2 Nyare tids kulturminne

Det vart registrert fleire nyare tids kulturminne under den arkeologiske registreringa, i form av steingardar, bakkemurar og grunnmurar. Kulturminna har alle fått eit nummer, som visast på oversiktskarta under, og i tabell med nærare beskriving av dei.





Figur 86-88: Kart over nyare tids kulturminne i Rørvika, ved klyngetunet på Heilevang, og søråust på Heilevang.



Figur 89-90: Foto som syner steingard 3 med GM4-7 inni. Oppe sett mot A, nede sett frå Fengestølen, mot A. RET, AS

NR.	TYPE	H (cm)	B (cm)	L (m)	MERKNAD
1	Kvernhus	120	1,75	3,40	L-forma, går frå N mot S og ut i A. 70 cm djupe murar. Indre mål. Gbnr. 79/6
2	Grunnmur, GM1	200	600	600	Grunnmur, truleg frå løe, nær fv.609. Indre mål B/L. Traktorvegen til dyrka mark på 81/1 går maks. 1 m A
3	Grunnmur, GM2	110	150	120	Vest for dyrka mark 81/1. Tre veggjar, L-forma. 60 cm djup mur
4	Grunnmur, GM3	150	50	550	A for dyrka mark 81/1. Går på to sider av ein kampestein
5	Grunnmur, GM4	160			79/7, mellom fv.609 og elva. Del av steingard 3, då to av veggane er oppå steingarden. Har hatt kjellar med opning ut mot A.
6	Grunnmur, GM5	150			79/7, mellom fv.609 og elva
7	Grunnmur, GM6	160			79/7, mellom fv.609 og elva.
8	Grunnmur, GM7	150			79/7, mellom fv.609 og elva. Framleis ligg noko av tømmeret att. Murane er i stor grad attgrodd av mose.
9	Bakkemur 1	150			Lang fv.609, mellom Hestvika og Heilevang
10	Bakkemur 2	130		150	I tre delar, ca 150 m til saman. Ved nausta og lok.1, gbnr. 79/4.
11	Bakkemur 3	160	50	240	Sør for elva på Heilevang, gbnr. 79/6
12	Bakkemur 4	120	40	150	Sør for vegen på Heilevang, langs fv.609. Gbnr. 79/4
13	Bakkemur 5	100	100	250	Veg oppå? 1 m i djupnad mot sør. I rasmassane som kom på 1960-talet.
14	Bakkemur 6	110	50	53	Nord for elva, gbnr. 79/4.
15	Rydningrøys	100			V for dyrka mark i Rørvika, gbnr. 81/1- To m lang N-S, I N går den 10 m mot A
16	Steingard 1	140	40	30	Eigedomsgrense mellom 79/4 og 79/6
17	Steingard 2	120	50	60	Eigedomsgrense mellom 79/1 og 79/7
18	Steingard 3	120	60	230	Gbnr. 79/7. Steingard i tre delar, som strekk seg til saman 230 m. Langs fleire løegrunnmurar. Opning for traktorveg


19	Steingard 4	120	50	140	Gbnr. 79/6. Rundt SEFRAK-registrerte geithus sør for vegen på Heilevang. Opning for grind to stader, strekk seg 140 m
20	Steingard 5	60	100	25	Gbnr. 79/4. Ligg i rasmassane som kom på 1960-talet
21	Oppbygt mur i H1	30	30	140	Gbnr. 81/1. Oppbygt mur i H1. Utrasa.

Figur 91: Tabell over nyare tids kulturminne registrert innanfor planområde.

8. Resultat og tolking

Ut i frå landskapet har dette området potensiale for funn som er knytt til steinalder, fangst og stølsaktivitet i utmarka, og bustad- og dyrkingsspor i dyrka mark. Den arkeologiske registreringa resulterte i to ulike lokalitetar. Lok.1 er ein lokalitet med ti strukturar som syner busetnadsaktivitet, med dateringar attende til romertid, vikingtid og seinmellomalder. Lok.2 er ein hellerlokalitet med to hellerar, der H1 er datert til mesolitikum, medan H2 er datert til eldre jernalder. Desse resultata syneraktivt bruk av området rundt Hestvika og Heilevang i 9000 år.

Tidlegare er det ikkje registrert særleg mange kulturminne i denne delen av kommunen. Dei to lokalitetane gjev ny informasjon til bruken av området langs Førdefjorden, og har høg kulturhistorisk verdi.



Figur 92-93: Dei to lokalitetane som vart funne i den arkeologiske registreringa. Til venstre lok.1 på Heilevang, til høgre lok.2 i Hestvika.

9. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa i samband med detaljregulering for fv.609 Heilevang-Hestvika i Askvoll og Førde kommunar vart gjennomført i perioden 19. til 29. oktober 2020. Registreringa resulterte i funn som kjem inn under § 4 i kulturminnelova om automatisk freda kulturminne. Funna bestod av to lokalitetar, ein med aktivitetsspor frå romertid, vikingtid og mellomalder (ID. 273113), og ein med hellerar frå mesolitikum og romartid (ID. 273112). Slik planforslaget ligg føre, er det i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Referansar

Den nasjonale kulturminnedatabase «Askeladden» (Askeladden.ra.no).

Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune si karteneste «Fylkesatlas» (fylkesatlas.no)

Vedlegg

A. C14-dateringar



Beta Analytic
TESTING LABORATORY

Beta Analytic, Inc.
4985 SW 74th Court
Miami, FL 33155 USA
Tel: 305-667-5167
Fax: 305-663-0964
info@betalabservices.com

ISO/IEC 17025:2017-Accredited Testing Laboratory

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Birgit Tansoy
Vestland Fylkeskommune

Report Date: November 25, 2020
Material Received: November 20, 2020

Laboratory Number	Sample Code Number	Conventional Radiocarbon Age (BP) or Percent Modern Carbon (pMC) & Stable Isotopes
-------------------	--------------------	---

Beta - 575798	2020_59583H1	8220 +/- 40 BP IRMS $\delta^{13}C$: -23.4 o/oo
---------------	--------------	---

(95.4%) 7354 - 7079 cal BC (9303 - 9028 cal BP)

Submitter Material: Charcoal

Pretreatment: (charred material) acid/alkali/acid

Analyzed Material: Charred material

Analysis Service: AMS-PRIORITY delivery

Percent Modern Carbon: 35.94 +/- 0.18 pMC

Fraction Modern Carbon: 0.3594 +/- 0.0018

$\delta^{14}C$: -640.59 +/- 1.79 o/oo

$\Delta^{14}C$: -643.62 +/- 1.79 o/oo (1950:2020)

Measured Radiocarbon Age: (without $\delta^{13}C$ correction): 8190 +/- 40 BP

Calibration: BetaCal3.21: HPD method: INTCAL13



Beta Analytic
TESTING LABORATORY

Beta Analytic, Inc.
4985 SW 74th Court
Miami, FL 33155 USA
Tel: 305-667-5167
Fax: 305-663-0964
info@betalabservices.com

ISO/IEC 17025:2017-Accredited Testing Laboratory

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Birgit Tansoy

Report Date: November 25, 2020

Vestland Fylkeskommune

Material Received: November 20, 2020

Laboratory Number	Sample Code Number	Conventional Radiocarbon Age (BP) or Percent Modern Carbon (pMC) & Stable Isotopes
-------------------	--------------------	---

Beta - 575802

2020_59583KP1

1030 +/- 30 BP

IRMS $\delta^{13}C$: -26.4 o/oo

(91.8%)

962 - 1041 cal AD

(988 - 909 cal BP)

(2.8%)

901 - 920 cal AD

(1049 - 1030 cal BP)

(0.8%)

1108 - 1116 cal AD

(842 - 834 cal BP)

Submitter Material: Charcoal

Pretreatment: (charred material) acid/alkali/acid

Analyzed Material: Charred material

Analysis Service: AMS-PRIORITY delivery

Percent Modern Carbon: 87.97 +/- 0.33 pMC

Fraction Modern Carbon: 0.8797 +/- 0.0033

$\delta^{14}C$: -120.34 +/- 3.29 o/oo

$\Delta^{14}C$: -127.76 +/- 3.29 o/oo (1950:2020)

Measured Radiocarbon Age: (without $\delta^{13}C$ correction): 1050 +/- 30 BP

Calibration: BetaCal3.21: HPD method: INTCAL13



Beta Analytic
TESTING LABORATORY

Beta Analytic, Inc.
4985 SW 74th Court
Miami, FL 33155 USA
Tel: 305-667-5167
Fax: 305-663-0964
info@betalabservices.com

ISO/IEC 17025:2017-Accredited Testing Laboratory

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Birgit Tansoy

Report Date: November 25, 2020

Vestland Fylkeskommune

Material Received: November 20, 2020

Laboratory Number	Sample Code Number	Conventional Radiocarbon Age (BP) or Percent Modern Carbon (pMC) & Stable Isotopes
-------------------	--------------------	---

Beta - 575800

2020_59583KP2

1700 +/- 30 BP

IRMS $\delta^{13}C$: -26.8 o/oo

(71.9%)

313 - 406 cal AD

(1637 - 1544 cal BP)

(23.5%)

254 - 304 cal AD

(1696 - 1646 cal BP)

Submitter Material: Charcoal

Pretreatment: (charred material) acid/alkali/acid

Analyzed Material: Charred material

Analysis Service: AMS-PRIORITY delivery

Percent Modern Carbon: 80.93 +/- 0.30 pMC

Fraction Modern Carbon: 0.8093 +/- 0.0030

$\delta^{14}C$: -190.74 +/- 3.02 o/oo

$\Delta^{14}C$: -197.56 +/- 3.02 o/oo (1950:2020)

Measured Radiocarbon Age: (without $\delta^{13}C$ correction): 1730 +/- 30 BP

Calibration: BetaCal3.21: HPD method: INTCAL13



Beta Analytic
TESTING LABORATORY

Beta Analytic, Inc.
4985 SW 74th Court
Miami, FL 33155 USA
Tel: 305-667-5167
Fax: 305-663-0964
info@betalabservices.com

ISO/IEC 17025:2017-Accredited Testing Laboratory

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Birgit Tansoy

Report Date: November 25, 2020

Vestland Fylkeskommune

Material Received: November 20, 2020

Laboratory Number	Sample Code Number	Conventional Radiocarbon Age (BP) or Percent Modern Carbon (pMC) & Stable Isotopes
-------------------	--------------------	---

Beta - 575799

2020_59583KP3

530 +/- 30 BP

IRMS $\delta^{13}C$: -26.7 o/oo

(76.0%)

1390 - 1440 cal AD

(560 - 510 cal BP)

(19.4%)

1320 - 1350 cal AD

(630 - 600 cal BP)

Submitter Material: Charcoal

Pretreatment: (charred material) acid/alkali/acid

Analyzed Material: Charred material

Analysis Service: AMS-PRIORITY delivery

Percent Modern Carbon: 93.62 +/- 0.35 pMC

Fraction Modern Carbon: 0.9362 +/- 0.0035

$\delta^{14}C$: -63.85 +/- 3.50 o/oo

$\Delta^{14}C$: -71.74 +/- 3.50 o/oo (1950:2020)

Measured Radiocarbon Age: (without $\delta^{13}C$ correction): 560 +/- 30 BP

Calibration: BetaCal3.21: HPD method: INTCAL13



Beta Analytic
TESTING LABORATORY

Beta Analytic, Inc.
4985 SW 74th Court
Miami, FL 33155 USA
Tel: 305-667-5167
Fax: 305-663-0964
info@betalabservices.com

ISO/IEC 17025:2017-Accredited Testing Laboratory

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Birgit Tansoy

Report Date: November 25, 2020

Vestland Fylkeskommune

Material Received: November 20, 2020

Laboratory Number	Sample Code Number	Conventional Radiocarbon Age (BP) or Percent Modern Carbon (pMC) & Stable Isotopes
-------------------	--------------------	---

Beta - 575801

2020_59583KP4

2240 +/- 30 BP

IRMS $\delta^{13}C$: -25.9 o/oo

(70.5%)

323 - 205 cal BC

(2272 - 2154 cal BP)

(24.9%)

390 - 345 cal BC

(2339 - 2294 cal BP)

Submitter Material: Charcoal

Pretreatment: (charred material) acid/alkali/acid

Analyzed Material: Charred material

Analysis Service: AMS-PRIORITY delivery

Percent Modern Carbon: 75.67 +/- 0.28 pMC


Fraction Modern Carbon: 0.7567 +/- 0.0028

$\delta^{14}C$: -243.35 +/- 2.83 o/oo

$\Delta^{14}C$: -249.73 +/- 2.83 o/oo (1950:2020)

Measured Radiocarbon Age: (without $\delta^{13}C$ correction): 2260 +/- 30 BP

Calibration: BetaCal3.21: HPD method: INTCAL13



vestlandfylke.no